
Fra: Anne Dahle Austrheim
Sendt: onsdag 25. september 2019 19.43
Til: 'oyvind.olsen@ikah.no'
Emne: Avlevering av databasar for Radøy

Hei!

Me har gjort avtale med IKAH om deponering av papirarkiv og i avtalen står det at elektroniske system kan og deposnerast , men dette må avtalast særskild.

Alle dagens databasar, for alle kommunane inkl. fagsystem, vert avslutta i samband med kommunesamanslåinga. Dei må likevel vere tilgjengeleg for oppslag. (Historiske databasar)

Lindås, Meland og Radøy vil på sikt deponere alle våre databasar til Ikah, etter nærare avtale, som såkalla «Siard- uttrekk.» Dette er, slik eg forstår det, *heile databasen*, ikkje uttrekk. Skal det gjerast uttrekk, så ønskjer kommunane at Ikah gjer dette, ikkje Iktnh.

Lindås, Meland og Radøy kommunar har allereie for fagsystemet Acos barnevern, sendt Ikah 30.04.19 skriv om deponering av desse databasane. (Utfylt skjema frå Ikah. Irene Haukeland har sendt inn for alle 3 kommunane.) Og; det er seinare blitt avtalt at Ikah gjer avtale direkte med Iktnh om desse databasane, ved kontaktperson Runar Andersen. (Epost frå Irene Haukeland av 03.05.19) Det er ikkje kompetanse i kommunane, ei heller kapasitet til å foreta noko uttrekk på eiga hand, i samarbeid med Iktnh. Kommunane må konsentrere seg om å halde orden i databasane, fram til dei vert avslutta.

Reknar med at Ikah kjem med nye avtalar ift deponering av elektronisk arkivmateriale for Alver. Vi vil at Ikah skal ta hand om vårt elektronisk arkivmateriale, i sin heilhet, også i framtida. Ikah har som mål å få overført våre system til KDRS sitt digitale sikringsmagasin. (KDRS = Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter)

Kva avtalar er det nødvendig for oss å gjere i tillegg til dei avtalar me allereie har i dag for at IKAH skal gjere dette?

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
Leiar kultur- og sørvistorget, Radøy kommune
Tlf 56 34 90 11/ 97 77 46 30



Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.

Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.